



Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS  
inviterer til tilbodskonkurranse på

# Kjøp av solde-/sikteverk

Konkurransegrunnlag.

Kunngjort i Doffin.

# 1 Innhald

<b>1. Invitasjon og omtale av kjøpet.....</b>	<b>4</b>
1.1 Invitasjon.....	4
1.1. Kunngjering .....	4
1.2. Oppdragsgjevar .....	4
1.3. Definisjonar.....	4
<b>2. Om gjennomføring av konkurransen .....</b>	<b>4</b>
2.1. Tilbudsorientering.....	4
2.2. Kontaktperson .....	4
2.3. Prosedyre.....	5
2.4. Form og innlevering av tilbud.....	5
2.5. Tilleggsopplysningar.....	5
2.6. Rettingar, suppleringar eller endringar i konkurransegrunnlaget .....	6
2.7. Innhald og kommunikasjon.....	6
2.8. Tilbudsfrist.....	6
2.9. Tilbudsopning .....	6
2.10. Avvising .....	6
2.11. Klagefrist.....	6
2.12. Vedståingsfrist .....	6
2.13. Offentlegheit .....	6
2.14. Referansar .....	7
2.15. Atterhald, avvik, feil eller manglar .....	7
2.16. Informasjon og grunngjeving av tildeling av kontrakt .....	7
2.17. Eventuell bruk av underleverandør .....	7
<b>3. Vilkår og kvalifikasjonskrav .....</b>	<b>8</b>
3.1. Generelt om kvalifikasjonskrava .....	8
3.2. Kvalifikasjonskrav for denne konkurransen .....	8
<b>4. Tildelingskriterium og evaluering .....</b>	<b>9</b>
4.1. Evaluering .....	10
5. Krav for solde-/sikteverk med tilhøyrande utstyr .....	11
5.2. Garantitid .....	11
5.3. Opsjonar (kjøpar sin einssidige rett).....	11
5.4. Leveringsdato.....	12
6. Kontraktsvilkår .....	12
6.1. Kontraktsdokument og tolking .....	12
6.2. Kvalitetssikring .....	13

6.2.1.	Helse, miljø og tryggleik .....	13
6.3.	Løns- og arbeidsvilkår .....	13
6.4.	Overdraging av kontraktplikter .....	13
6.5.	Bruk av underleverandør .....	13
6.5.1.	Oppdragsgjevaren sin rett til å ikkje godta oppdragstakar sitt val av underleverandør .....	14
6.6.	Krav på dekking av meirutgifter .....	14
6.7.	Dagmulkt .....	14
6.8.	Betalingsreglar .....	15
6.8.1.	Betalingsfrist .....	15
6.8.2.	Rett til å halde tilbake betaling .....	15
6.8.3.	Renter .....	15
<b>7.</b>	<b>Garanti for gjennomføring av kontrakten .....</b>	<b>15</b>
<b>8.</b>	<b>Forsikringar .....</b>	<b>16</b>
8.1.	Ansvarsforsikring .....	16
8.2.	Plikta til oppdragstakar til å forsikre eige utstyr og eigne kjøretøy .....	16
8.3.	Tvister .....	16
8.3.1.	Førebels avgjerd frå oppmann .....	16
8.3.2.	Tvisteløysing .....	17
8.3.3.	Kontroll .....	17
<b>4.</b>	<b>Matriser for tilbod på sorteringsmaskin .....</b>	<b>18</b>
1.	<i>Eigaerklæring om løn, helse, miljø og tryggleik (HMT) .....</i>	<i>20</i>

# 1. Invitasjon og omtale av kjøpet

## 1.1 Invitasjon

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) inviterer til open tilbuds konkurranse på kjøp av solde-/sikteverk. Verket skal brukast på SIM sitt komposteringsanlegg.

Tilbudsprisen skal femna alle kostnader med å få maskinen levert og klargjort for bruk i Svartasmåget, Fitjar. Opplæring av kjøpar sine driftsoperatørar skal også vera inkludert.

Kjøpar overtek soldeverket etter å ha godkjent det. Fram til då er alle forhold ved maskinen seljar sitt ansvar.

### 1.1. Kunngjering

Konkurransen er utlyst i DOFFIN- og TED- databasen. (doffin.no)

### 1.2. Oppdragsgjevar

Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM)

Orgnr: 958 284 837

Adresse: Svartasmogvegen 219, 5419 Fitjar

Kontaktperson: Janne Hillersøy

Epost: [janne.hillersoy@sim.as](mailto:janne.hillersoy@sim.as)

### 1.3. Definisjonar

Kjøpar = Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM)

Seljar = Den som inngår kontrakt med SIM på bakgrunn av sitt tilbod

Tilbydar = Den som leverer pris til SIM basert på dette konkurransegrunnlaget

I kapittel 4 (Generelle vilkår for SIM sine tilbuds konkurransar) er uttrykka "Oppdragsgjevar" og "Oppdragstakar" brukt om høvesvis "Kjøpar" og "Seljar".

## 2. Om gjennomføring av konkurransen

### 2.1. Tilbudsorientering

Det vert ikkje halde tilbudsorientering i samband med konkurransen.

### 2.2. Kontaktperson

Tilbydar kan kontakta SIM v/Janne Hillersøy for nærare informasjon.

### 2.3. Prosedyre

Innkjøpet vert gjennomført i samsvar med lov om offentlige anskaffelser (*anskaffelsesloven*) av 17. juni 2016 og forskrift om offentlige anskaffelser (*anskaffelsesforskriften*) av 12. august 2016 nr 974. Det vert gjennomført ein open anbuds konkurranse etter del I og del III i forskrifta (innkjøp over EØS-terskelverdi).

Lov og forskrift er tilgjengeleg på norsk via:

1. Lov: (Anskaffelsesloven)

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2016-06-17-73?q=anskaffelser>

2. Forskrift (Anskaffelsesforskriften):

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2016-08-12-974?q=anskaffelser>

### 2.4. Form og innlevering av tilbod

Alle tilbod skal leverast elektronisk via Mercell portalen [mercell.no](http://mercell.no) innan fristen. Det vil ikkje vera mogeleg å sende inn tilbod via portalen etter fristen. Dersom leverandøren ikkje er brukar hjå Mercell, eller dersom ein har spørsmål til innsending, ta kontakt med Mercell Support på tlf. 21 01 88 60, eller på epost til: [support@mercell.com](mailto:support@mercell.com).

Det vert tilrådd at ein leverar inn tilbod i god tid før frist. Dersom det kjem tilleggsinformasjon frå oppdragsgjevar før tilbodsfristen går ut, kan leverandøren opne tilbodet og endre dette, heilt fram til fristen går ut. Det tilbodet som er datert sist vert rekna som det endelege tilbodet.

Ved innlevering kan leverandøren bli beden om elektronisk signatur for å stadfeste identitet til innsendar. Elektronisk signatur kan ein få på [commfides.com](http://commfides.com), [buypass.no](http://buypass.no) eller [bankid.no](http://bankid.no). Ein slik prosess kan ta nokre dagar før den er på plass slik at den bør setjast i verk så snart råd er. Tilbodet skal vera på norsk, men dokumentasjon, attestar og liknande kan vera på skandinavisk eller engelsk. Fylgjande dokument skal leggjast ved under fanebladet «Dokumenter» i Mercell-portalen.

### 2.5. Tilleggsopplysningar

Tilbydar kan skriftleg be om tilleggsopplysningar. All kommunikasjon i prosessen skal gå via Mercell-portalen, sjå pkt. 2.4. Det vil seia at verken oppdragsgjevar eller konsulentar skal kontaktast direkte for spørsmål. Bakgrunnen for dette er at all kommunikasjon skal loggførast. For leverandør spørsmål til konkurransen skal vera skriftlege og rettast til oppdragsgjevar sin(e) kontaktperson. Det skal ikkje vera kontakt med andre personar i samband med denne tilbuds konkurranse. Når leverandøren er inne i Mercell- portalen, på konkurransen, skal fanebladet «Kommunikasjon» veljast. Deretter skal ein klikke på ikonet «Ny melding» i menylinja. Skriv inn spørsmålet/informasjonen og trykk på «Send». Oppdragsgjevar vil deretter motta meldinga. Dersom spørsmålet vedrører alle tilbydera, vil oppdragsgjevar svare på dette «anonymisert» ved å svare via funksjonen «Tilleggsinformasjon». Tilleggsinformasjon er tilgjengeleg under fanebladet Kommunikasjon → Tilleggsinformasjon.

## **2.6. Rettingar, suppleringar eller endringar i konkurransegrunnlaget**

Før tilbudsfrist har oppdragsgjevar rett til å gjere rettingar, suppleringar og endringar av tilbudsgrunnlaget som ikkje er vesentlege. Rettingar, suppleringar eller endringar i tilbudsgrunnlaget vert sendt til alle som har meldt si interesse i Mercell. Opplysningar som oppdragsgjevar gjev på førespurnad av ein tilbydar vil bli sendt til alle interesserte i anonymisert form.

Opplysningar om rettingar, suppleringar og endringar vert kunngjort elektronisk via Mercell-portalen. Ved revisjon av konkurransen vil dette visast som ein ny versjon av konkurransen. Når det gjeld tilleggsplysningar vil dette komme fram under fanebladet "Tilleggsinformasjon" i Mercell. Leverandørar som allereie har meldt si interesse vil få melding om endringar.

## **2.7. Innhald og kommunikasjon**

All skriftleg kommunikasjon i i tilbudsfasen skal gå føre seg på norsk.

## **2.8. Tilbudsfrist**

Tysdag 14. mai 2019, kl 12.00

## **2.9. Tilbudsopning**

Tilbudsopning finn stad hjå SIM i Svartasmoget, 5419 Fitjar *kort tid etter tilbudsfrist*. Berre representantar frå kjøpar vil vera til stades.

## **2.10. Avvising**

Kjøpar har rett til å avvise tilbod han meiner ikkje tilfredsstillar krava til leveransen. Vidare kan kjøpar avvise tilbod som gjer det vanskeleg å få gjennomført referansebesøk på ein slik måte at skissert framdriftsplan kan haldast. Kjøpar kan også avvise tilbydarar som ikkje kan levera innan fristen. Norsk lov gjeld.

## **2.11. Klagefrist**

Tilbydar har 10 dagars klagefrist på kjøpar sitt vedtak om tildeling av kontrakt.

## **2.12. Vedståingsfrist**

Tilbydar må vedkjenna seg tilbodet i 90 dagar etter tilbudsfrist.

## **2.13. Offentlegheit**

Tilbydar vert beden om å opplysa kva delar av tilbodet som kan reknast som forretningsløyndom og som ikkje kan gjerast offentleg, med ei grunngjeving for kvart element. Kjøpar kan overprøva tilbydar si vurdering dersom elementa må reknast som offentlege.

## **2.14. Referansar**

Tilbydar skal leggja ved ei liste over relevante leveransar i Noreg dei tre siste åra. Kjøpar vil testa/prøvekøyra maskinen som vert tilboden og har rett til å kontakta referansane. Det må vera mogeleg å prøveköyra/testa maskinen, eller tilsvarande, i eit Skandinavisk land.

## **2.15. Atterhald, avvik, feil eller manglar**

Atterhald og avvik skal vera tydelege med omsyn til korleis dei verkar inn på prisoppsett, kvalitet, kvantitet og leveringsevne. Det skal vera mogeleg for oppdragsgjevar og tyde atterhald og avvik utan å ta kontakt med tilbydar og dei skal referere til relevante punkt i konkurransegrunnlaget og takast inn i tilbods brevet. Eventuelle tilvisingar til standardiserte leveringsvilkår eller liknande vert rekna som atterhald dersom dei har avvik i høve til konkurranse- eller kontraktvilkåra. Tilbydar skal gjere greie for eventuelle atterhald og avvik og konsekvensar av desse. Atterhald skal vera spesifiserte i tilbods brevet.

## **2.16. Informasjon og grunngeving av tildeling av kontrakt**

Oppdragsgjevar vil evaluere tilboda i samsvar med krava i konkurransegrunnlaget og tildelingskriteria. Når oppdragsgjevar har bestemt kven som får kontrakten, vert dette samstundes varsla skriftleg til alle tilbydarar i rimelig tid før kontrakten vert inngått, jf. FOA §25-1. Med «kontrakt inngått» vert meint tidspunktet då begge parter har signert kontrakten. Før tildeling av kontrakten vil oppdragsgjevar krevje at den valt leverandør straks leverer oppdaterte dokumentasjonsprov på kvalifikasjonsvilkåra.

Det er ein karenperiode på minimum 10 kalenderdagar rekna frå dagen etter at grunngevinga vert sendt elektronisk. Etter utløpet av karenperioden vil oppdragsgjevar inngå kontrakt, og eventuelle klager på tildelinga må rettast til oppdragsgjevar innan fristen.

## **2.17. Eventuell bruk av underleverandør**

Det skal opplysast om tilbydar har tenkt å bruke underleverandør til oppfylling av kontrakten og kva deler av kontrakten underleverandørane skal utføre. Dersom det skal nyttast underleverandørar skal det opplysast i del II pkt. D i ESPD- skjemaet. Det skal opplysast om namn og organisasjonsnummer til underleverandørane, og plassering til desse i organisasjonsplanen.

Dersom tilbydar må støtte seg på underleverandør for å tilfredsstillere kvalifikasjonskravet om relevant erfaring og kompetanse, jf. punkt 3, tabell 7, skal det opplysast om dette i Del II i ESPD-skjemaet, pkt. C. Dersom dette er tilfelle, skal det som ein del av tilbodet vere ei stadfesting frå underleverandøren der han forpliktar seg til å stille med tilstrekkeleg kapasitet ved ein eventuell kontrakt, jf. FOA § 16-10 (2), og den aktuelle underleverandøren må også levere eit eige og separat ESPD-skjema, jf. FOA § 17-1 (6).

### 3. Vilkår og kvalifikasjonskrav

#### 3.1. Generelt om kvalifikasjonskrava

For denne konkurranse gjeld alle avvisingsgrunnane i forskrifta sin § 24-2, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnane. Stadfesting på at det ikkje ligg føre grunnar for avvising, samt oppfylling av kvalifikasjonskrava i pkt. 3.2 er ein føresetnad for vidare deltaking i konkurransen.

Tilbydar skal som ein del av tilbodet ein leverar i Mercell- portalen, levera utfylt ESPD-eigenerklæringsskjema som førebels dokumentasjon for at tilbydar oppfyller kvalifikasjonskrava, og at det elles ikkje er grunnlag for avvisning. Det må såleis ikkje leggjast ved tilbodet dokumentasjon på kvalifikasjonskrava i pkt 3.2.

Leverandøren som vert valt må før signering av kontrakt leggje fram dokumentasjon på at kvalifikasjonsvilkåra er oppfylt. Oppdragsgjevar kan ved evaluering av tilboda også be om dokumentasjon frå fleire tilbydarar.

#### 3.2. Kvalifikasjonskrav for denne konkurransen

Tabell 4: **Skatt og mva:**

Krav	Dokumentasjonskrav
Tilbydar skal ha ordna tilhøve ifht. betaling av skatt og mva.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Attest for skatt og mva</li></ul> Attesten skal ikkje vera eldre enn 6. månadar rekna frå tilbodsfrist. Utanlandske tilbydera skal leggja fram attest frå tilsvarande mynde i sitt eige land.

Tabell 5: **Organisatorisk og juridisk stilling**

Krav	Dokumentasjonskrav
Tilbyder skal vera eit lovleg etablert føretak.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Norske selskap: Firmaattest.</li><li>• Utanlandske selskap: Dokumentasjon på at selskapet er registrert i bransjeregister eller føretaksregister som gjeld i landet der oppdragstakar er etablert.</li></ul>
Tilbyder skal oppfylle lovpålagte HMT, løns- og arbeidsvilkår.	<ul style="list-style-type: none"><li>• Tilbyder skal fylle ut stadfesting om HMT, løns- og arbeidsvilkår, sjå vedlegg 4.</li></ul>



Tabell 6: Erfaring og faglege kvalifikasjonar

Krav	Dokumentasjonskrav:
Tilbyder skal ha relevant erfaring og kompetanse med sal av soldeverk.	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Opplisting av relevante referansar siste 3 år. Referansane må omfatte opplysingar om oppdragsgjevar, verdi og tidspunkt.</li> <li>• Oversyn over kvar maskinen kan prøveøyrest</li> </ul>

Tabell 4: **Krav til soldeverket (SKAL fyllast ut)**

Krav/utstyr	Modell	Ja	Nei	Anna
Maskinen skal handsame både matavfall og slam				
Maskinen skal kunne solde i tre fraksjonar				
Maskinen skal kunne handsame fuktig og klebrig masse				
Kapasitet til å sikte 150 – 200 m3 per time				
Matebunker må romme min. 7 m3				
Maskinen må kunne matast med hjullastar				
Maskinen må ha fjernkontroll/radiostyring				
Sentralsmøring				
EL- drift 400 volt				
Vindsikt på grov- og mellomfraksjon				

## 4. Tildelingskriterium og evaluering

Oppdragsgjevar vil velje det tilbodet etter ei heilskapsvurdering som er økonomisk og mest fordelaktig. Følgjande kriterium i ikkje prioritert rekkfølge vert lagt til grunn:

- Maskinkvalitet
- Pris
- Kapasitet
- Type utstyr / ekstrautstyr og kvalitet på dette
- Servicegrad inkl. tilgang på reservedeler
- Tilpassing til eksisterende utstyr og bygninger hjå SIM
- Arbeismiljø og ytre miljø

Tabell 8: Tildelingskriterium:

Kriterium	Vekt	Dokumentasjonskrav
<p><b>Pris</b></p> <p>A. Pris (utgjør 50 % av totalprisen)</p>	50 %	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Utfyllt prisskjema</li> <li>• Eventuelle konsekvensar av atterhald/avvik.</li> </ul>
<p><b>KVALITET:</b></p> <p>B. Inntrykk etter prøvekøyring og andre tilhøve ved maskinen (utgjør 50 % av totalprisen) Leveringstid</p>	50 %	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kjøpar vil etter testing, vurdere alle forhold knytt til korleis soldeverket fungerer med tanke på kjøpar sine behov, herunder driftsregularitet, arbeidsmiljø, service/tilgjengelegheit, kvalitet, garantivilkår, referansar, leveringstid, miljø.</li> </ul>

#### 4.1. Evaluering

Ved evaluering av tilboda i høve til dei ulike kriteria, vert det for kvart kriterium nytta ein poengskala frå 0 til 10, der 10 er best. Total poengsum vert deretter rekna ut på grunnlag av vektene for kvart av kriteria (pris og kvalitet). Evaluering av pris skjer på grunnlag av ein lineær skala, der tilbydaren med lågast pris får 10 poeng, og ein prisskilnad på 100 % gjev 0 poeng. Kvalitet vert vurdert etter beste skjøn, etter same prinsipp. Det vert elles teke omsyn til eventuelle atterhald og avvik under det enkelte kriterium.

## 5. Krav for solde-/sikteverk med tilhørende utstyr

5.1.1. Maskinkrav : Sikteverket skal sikte i 3 fraksjoner, Skal kunne sikte matavfall og slam , tåle å sikte fuktig og klebrig masse ,ha kapasitet til å sikte 150-200m<sup>3</sup> / time ,Matebunker bør romme min. 7m<sup>3</sup> ( skuffestørrelse på hjullaster). Må kunne lastes med hjullaster. Maskinen må være enkel og rask og vedlikeholde / rengjøre.

5.1.2. Tryggleik: Soldeverket må tilfredsstillte eventuelle norske forskrifter og lovverk som måtte gjelde.

5.1.3. Brukervennlighet: Servicevennlig - Enkel betjening – fjernkontroll / Radiostyring. Sentralsmøring.

5.1.4. Driftkostnader: Maskinen må kunne drives med strøm – 400V. Oppgi servicekostnader første 1000 driftstimer.

5.1.5. Ekstrautstyr: det er ønskelig med montering av vindsikt på grov- og mellomfraksjon.

5.1.6. Leveringstid.

## 5.2. Dokumentasjon

Anbydar skal leggja ved anbudet produktkatalog, foto, teikningar og evt. anna informasjon som gir fullstendige om detaljerte opplysningar om maskina.ile.

Følgjande dokumentasjon skal leverast kostnadsfritt saman med maskinen:

- 5.2.2. Driftsinstruksjonsbøker
- 5.2.3. Kontrollbok "
- 5.2.4. Sertifikater .
- 5.2.5. Sjekklistor for maskinvedlikehald (gul og grøn sjekkliste)
- 5.2.6. Reservedelskatalog.
- 5.2.7. Verkstadhandbøker / reparasjonshandbøker

Driftsinstruksjonsbøker og sjekklistor for vedlikehald skal vera på norsk, dansk eller svensk.

## 5.2. Garantitid

Tilbydar må oppgje garantitida på soldeverket.

## 5.3. Opsjonar (kjøpar sin einseitige rett)

### Opsjon 1 – Serviceavtale

Kjøpar ynskjer pris på ein 6-årig serviceavtale (alternativt 7 500 driftstimar).

Avtalen skal innebera:

- Årleg tilsyn og sertifisering av heile soldeverket.

- Systematisk vedlikehold og service i tråd med intervall/driftstimar som maskinprodusent har tilrådd. Olje og anna rekvisita skal vera inkludert i prisen.

Kostnaden med serviceavtalen skal visast som årskostnad. Reisekostnad tur/retur Svartasmåget (Fitjar) skal vera inkludert. Tilbydar må oppgje produsenten sine tilrådde serviceintervall.

### **Opsjon 2 – Tilkalling, reparasjon og service**

Kjøpar ynskjer pris på ein avtale som pliktar seljar til å møte i Svartasmåget for reperatur. Tilbydar må i prismatrisa oppgje timepris for arbeidet, reisekostnad tur/retur Svartasmåget (Fitjar) og mobiliseringstid.

### **Opsjon 3 – Innbytte Multistar L3 Stjernesikt**

Kjøpar ynskjer innbyttepris på Multistar L3 Stjernesikt – 2007 modell. Maskinen er gått 3500 timar.

## **5.4. Leveringsdato**

Kjøpar ynskjer å ha soldeverket godkjent og sett i drift snarast. Tilbydar må oppgje leveringstid, rekna frå dato for inngått kontrakt.

# **6. Kontraktsvilkår**

Kontraktsvilkåra regulerer dei generelle avtaletilhøva der ein part (oppdragstakar) tek på seg å levere etter omtale og avtale til ein annan part (oppdragsgjevar).

Oppdragstakar tek på seg ansvaret for at ytingane hans er komplette i høve til føremåla og spesifikasjonane i kontrakten, og arbeidet vil såleis omfatte alle aktivitetar som er nødvendige for å oppfylle krava i kontrakten, sjølv om alle ikkje er nemnt spesielt i kontrakten. Alle kostnadar for gjennomføring av oppdraget skal vera inkludert i einingsprisane.

## **6.1. Kontraktsdokument og tolking**

Fylgjande er ei oversikt over kontraktsdokumenta. Dersom dokumenta har motstridande vilkår, skal vilkåra prioriterast etter fylgjande oppsett:

1. Avtaledokument.
2. Eventuelle møtereferat.
3. Eventuelle skriftlege meldingar frå oppdragsgjevar om endringar i konkurransegrunnlaget.
4. Konkurransegrunnlaget frå oppdragsgjevar.
5. Oppdragstakar sitt tilbod.

Elles gjeld yngre vilkår framfor eldre, spesielle vilkår framfor generelle og særskilde vilkår for kontrakten framfor standardiserte vilkår.

## **6.2. Kvalitetssikring**

Oppdragstakar plikter å ha rutinar som sikrar kvaliteten og servicen i samband med kontraktsarbeidet og dei tilsette sitt arbeidsmiljø. Denne plikta gjeld også underleverandørane. Oppdragstakar skal syte for at desse rutinane er samordna. Oppdragsgjevar kan i kontraktperioden kontrollere oppdragstakar sitt kvalitetssystem og/eller internkontrollsystem. Kontrollen kan bli gjennomført av tredjepart.

### **6.2.1. Helse, miljø og tryggleik**

For å sikre at oppdragstakar til ei kvar tid oppfyller krav i lov, forskrift, konsesjonskrav osv. er han plikta til å utøve internkontroll etter det til ei kvar tid gjeldande regelverk. Oppdragstakar skal fortløpande gjennomgå sin internkontroll for å sikre at den fungerer som den skal. På førespurnad frå oppdragsgjevar skal han gje skriftleg rapport på at dette er gjort.

## **6.3. Løns- og arbeidsvilkår**

Oppdragstakar skal syte for at løns- og arbeidsvilkåra til sine tilsette er i samsvar med gjeldande landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen. Oppdragstakar har ansvaret for at også eigne underleverandørar oppfyller dette kravet.

Dersom oppdragsgjevar krev dette, skal oppdragstakar dokumentere at løns- og arbeidsvilkåra til tilsette og underleverandørar nytta i kontrakten tilfredstiller vilkåra i avsnittet over. Oppdragsgjevar har rett til å overlate denne kontrollen til tredjepart.

Dersom det viser seg at lønns- og arbeidsvilkåra ikkje oppfyller vilkåra i kontrakten, kan oppdragsgjevar ileggja dagmulkt jf. pkt 10.4. Dersom det ikkje kjem i orden etter dette, vert kontraktsbrotet rekna som vesentleg misleghald, jf. pkt 13.1.

Oppdragstakar skal elles halde oppdragsgjevaren skadelaus for eit kvart krav knytt til brot på ålmenregelverket om løns- og arbeidsvilkår.

## **6.4. Overdraging av kontraktplikter**

Oppdragsgjevar kan overdra sine rettar og plikter i kontrakten til tredjemann, dersom han kan godtgjere at vedkomande har den naudsynte økonomiske soliditet til å oppfylle oppdragsgjevaren sine plikter i kontrakten. Oppdragsgjevar kan alltid overdra særskilde rettar i kontrakten til tredjemann.

Oppdragstakar kan ikkje overdra eller pantsetje heile, deler, eller ei interesse i kontrakten til tredjemann utan oppdragsgjevaren sitt samtykke.

## **6.5. Bruk av underleverandør**

Oppdragstakar har rett til å la deler av sine kontraktsplikter verta utført av underleverandørar. Hans ansvar etter kontrakten ovanfor oppdragsgjevar vert ikkje endra ved bruk av underoppdragstakar. Før kontrakt med underleverandør vert inngått, skal oppdragstakar underrette oppdragsgjevar om kva deler eller oppgåver han vil ha underoppdragstakar til å

utføre, og om kven han vil ha som underleverandør. Etter underskriven kontrakt skal oppdragsgjevar godkjenne val av nye eller fleire underleverandør/ar

### **6.5.1. Oppdragsgjevaren sin rett til å ikkje godta oppdragstakar sitt val av underleverandør**

Oppdragsgjevar skal skriftleg godkjenne val av underleverandør. Oppdragsgjevar kan nekte å godkjenne val av underleverandør dersom det føreligg sakleg grunn, og i så fall skal han melde frå om dette utan ugrunna opphald

### **6.6. Krav på dekking av meirutgifter**

Får oppdragstakar meirutgifter ved forseinkingar som oppdragsgjevar har ansvar for, kan oppdragstakar krevje utgiftene dekkja av oppdragsgjevar. Tilhøve som oppdragstakar meiner kvalifiserer til tillegg i pris, skal straks og skriftleg varslast til oppdragsgjevar med spesifisering av tid, stad, årsak til kravet, og storleiken på kravet. Oppdragsgjevaren skal ta stilling til kravet innan rimeleg tid.

### **6.7. Dagmulkt**

Oppdragsgjevar kan krevje dagmulkt dersom:

- a) overskriding av avtalte tidsfristar for lukking av kontraktsavvik av økonomisk konsekvens for oppdragsgjevar, eller som i vesentleg grad påverkar tenestenivået til kontrakten. Dette gjeld t.d. forseinking som medfører driftsulemper for oppdragsgjevar eller liknande.
- b) brot på avtalte løns- og arbeidsvilkår ift. kontrakt

Er ikkje anna avtalt skal følgjande satsar på dagmulkta gjelde:

For frist a og b):	NOK 1000 per kalenderdag pr. eining som er forseinka, eller ikkje vert retta opp i, minimum NOK 5000 pr. kalenderdag.
--------------------	---

Oppdragsgjevar skal varsle leverandør straks dersom han meiner at vilkåra for å betale dagmulkt er oppfylt. Mulкта gjeld då frå det tidspunktet som oppdragstakar får varselet der oppdragsgjevar påpeikar tilhøvet og ut frå dette krev dagmulkt. Dersom ikkje oppdragstakar har retta opp tilhøva innan 14 kalenderdagar etter varselet vart sendt frå oppdragsgjevar i samsvar med avsnittet over, kan oppdragsgjevar femdoble dagmulktene eller heve heile, eller deler av kontrakten. Samla dagmulktkrav over kalenderåret kan ikkje vere meir enn 10 % av årleg kontraktsum. Passering av denne grensa gjev òg oppdragsgjevar rett til å heve heile, eller deler av kontrakten.

Val av dagmulkt skal ikkje vere til hinder for at oppdragsgjevar i tillegg krev erstatning for å få dekkja tap som viser seg å bli større enn det som vert dekkja av dagmulkta. Betalt dagmulkt skal der det er felles årsakstilhøve då gå til frådrag frå erstatninga.

## **6.8. Betalingsreglar**

### **6.8.1. Betalingsfrist**

Oppdragsgjevar skal betala innan 30 dagar etter at han har motteke rett faktura.

### **6.8.2. Rett til å halde tilbake betaling**

Er oppdragstakar skuldig i dagmulkt, eller oppdragsgjevar har andre krav som følgje av oppdragstakar sine kontraktsbrot, kan oppdragsgjevar halde att så mykje av betalinga at han har tilstrekkeleg tryggleik til å få dekkja eit spesifisert krav. Elles skal oppdragsgjevar betale uomtvista krav innan dei fastsette betalingsfristane.

### **6.8.3. Renter**

Ved forsinka betaling skal oppdragsgjevaren betale morarente etter lova av 17.des 1976 nr. 100 om renter ved forseinka betaling.

## **7. Garanti for gjennomføring av kontrakten**

Oppdragstakar skal for eiga rekning stille sikring for sine plikter i kontrakten, her under morarenter og kostnad ved inndring. Sikringa skal vere formulert i samsvar med vedlegg 3. Garantien skal leggjast fram for oppdragsgjevar før signering av kontrakt.

Sikringa skal stillast som "påkravsgaranti" ("on demand-garanti") frå bank, forsikringsselskap eller anna kredittinstitusjon. Påkravsgarantien frå garantisten skal rettast direkte til oppdragsgjevar. Når garantiansvaret blir gjort gjeldande, pliktar garantisten å betale med ein gong ("on demand"), utan at det kan gjerast gjeldande innvendingar av noko slag frå forholdet mellom leverandør og oppdragsgjevar, eller innvendingar elles knytt til andre forhold. Garantien kan ikkje kallast tilbake.

Dokumentasjonen for sikringa skal leggjast fram for oppdragsgjevar før kontraktsinngåing. Garantiansvaret kan ikkje gjerast gjeldande utan at leverandør har fått rimeleg frist til å rette opp tilhøva som er påklaga.

Garantien skal gjelde i heile kontraktperioden inkludert opsjonsår. Krav under garantien kan bli fremja inntil maksimalbeløpet nedanfor er nådd. Krav under garantien skal leggjast fram skriftleg og skal innehalde ei erklæring om at leverandør har misleghalde sine plikter. Alle dagmulkter, jf. punkt 10.4. skal kunne trekkjast frå garantien.

Dersom oppdragstakar ikkje hentar slammet innan avtalt frist etter varsel frå oppdragsgjevar, og oppdragsgjevar må få andre til å hente slammet på oppdragstakar si rekning, skal også desse kostnadane kunne trekkjast frå garantien. Det same gjeld liknande type kostnader der oppdragsgjevar må betale andre for å utføre plikter som etter avtalen skal utførast av oppdragstakar.

Garantisten pliktar å betale straks, utan innvendingar eller merknader om tilhøvet mellom leverandør og oppdragsgjevar. Storleiken på sikringa skal vera på 10 % av årleg kontraktsum inkl. mva. Oppdragsgjevar stiller ingen garanti. Dersom oppdragsgjevar ber om dette, skal oppdragstakar i tillegg til påkravgarantien nemnt over, stille konserngaranti for kontraktspliktene.

## **8. Forsikringar**

### **8.1. Ansvarsforsikring**

Om ikkje anna er avtalt skal oppdragstakar ha ei ansvarsforsikring med vanlege vilkår. Forsikringa skal dekkje erstatningsansvar for skade han og underleverandørane hans kan påføre oppdragsgjevar eller tredjemann sin person eller eigedom i samband med utføringa av arbeidet. Forsikringssummen for kvart skadetilfelle skal ikkje vere mindre enn 150 G, men oppdragstakar sitt ansvar er ikkje avgrensa til denne summen.

Dersom leverandør får utlevert nøklar til låste dører og porter på hentestaden, skal forsikringa også omfatte dekning av tjuveri eller konsekvensar for oppdragsgjevar som skuldast tap av nøklar.

Forsikringspolisen skal ikkje innehalde vilkår som reduserer oppdragsgjevar sin rett til å krevje erstatning direkte frå forsikringsselskapet, eller som kan redusere kravet hans på grunn av den forsikra sine tilhøve etter tidspunktet for forsikringstilfellet. Polisane skal leggjast fram for oppdragsgjevar for kontroll dersom han ber om dette.

### **8.2. Plikta til oppdragstakar til å forsikre eige utstyr og eigne kjøretøy**

Oppdragstakar skal halde eige utstyr og eigne kjøretøy forsikra i heile perioden. Forsikringa skal til ei kvar tid gje dekning for minst det beløp det vil koste å bringe utstyr og kjøretøy i same stand eller skaffe nytt.

### **8.3. Tvister**

Ved tvistar mellom partane om tilhøva i kontrakten skal ein først prøve ei minneleg løysing. Før saka vert teke til domstolen skal det haldast eit tvisteløysingsmøte mellom representantar frå partane.

#### **8.3.1. Førebels avgjerd frå oppmann**

I kontraktperioden kan kvar av partane krevje at ein tvist om tilhøva i kontrakten vert avgjort av ein oppmann med mindre tvisten alt er lagt fram for domstolane etter pkt 15.3.2.

Dersom det ikkje på førehand er avgjort kven som skal vere oppmann, og partane ikkje vert samde om dette innan 14 dagar etter at kravet er sett fram, vil tingretten i oppdragsgjevar sin kommune oppnemne ein oppmann.



Den som legg tvisten fram for ei avgjersle av oppmann, skal skriftleg fremje påstanden sin og i den grad det er naudsynt grunnge standpunktet sitt, og leggje fram dokumentasjon. Kopi av denne dokumentasjonen skal sendast direkte til den andre parten. Innan ein kort frist fastsett av oppmannen skal den andre parten få høve til skriftleg å uttale seg og leggje fram sine prov. Partane har rett til å sende endå eit innlegg til oppmannen med kopi til den andre parten innan sju dagar etter å ha motteke utsegna frå den andre parten. Dersom oppmannen ønskjer, kan han kalle inn partane til eit møte slik at dei endå ei gong kan gjere greie for krava sine medan motparten høyrer på.

Oppmannen si avgjersle om tvisten skal grunngevast og sendast til partane. Avgjersla skal vere sendt ut innan 14 dagar etter at saksførebuinga vart avslutta. Dersom ein part utan gyldig grunn let vere å uttale seg eller møte for oppmannen, skal oppmannen avgjere tvisten utan ytterlegare utsetjingar. Parten som fullt ut, eller i vesentleg grad tapar saka, skal betale den endelege kostnaden til oppmannen. Utanom dette skal kvar av partane betale sine eigne kostnader.

Avgjersla av oppmann er ikkje bindande. Partane skal innan ein månad etter at avgjersla er motteken, skriftleg gje melding til kvarandre om dei vil akseptere avgjersla som bindande.

### **8.3.2. Tvisteløysing**

Ein kvar tvist mellom partane om tilhøva i kontrakten skal avgjerast ved vanleg rettargang etter tvistemålslova med mindre partane vert samde om ei anna løysing. Med mindre anna er avtalt, er tingretten der oppdragsgjevaren sitt hovedkontor er lokalisert, verneting.

### **8.3.3. Kontroll**

Oppdragsgjevar har rett til å føre kontroll med gjennomføringa av arbeidet, kvalitetssystem, internkontrollsystem, behandlingsløysinga for slammet og oppdragstakar sitt utstyr og eventuelle kjøretøy nytta i kontrakten. Vert oppdragsgjevar merksam på tilhøve som han meiner er i strid med kontrakten, skal han straks sende skriftlig melding til leverandør som snarast mogeleg skal rette opp dei aktuelle tilhøva.

Oppdragstakar skal straks og utan kompensasjon skaffe opplysningar som oppdragsgjevar ber om i samband med kontroll av arbeidet.

## 4. Matriser for tilbud på sorteringsmaskin



Matrisene nedanfor skal nyttast ved tilbud på Sunnhordland Interkommunale Miljøverk IKS (SIM) sitt kjøp av soldeverk.

Kvar tilbydar kan gje fleire tilbud. For kvart tilbud skal det leverast éi matrise med alle felt utfylt. Det skal vera ein grundig omtale av kvar sorteringsmaskin som vert tilboden.

Alle kostnader med utføring av oppdraget som omtalt i konkurransegrunnlaget skal vera med. Opplæring. Tilbydar skal i anbudet innkalkulera nødvendig opplæring på staden (Svartasmoget) av SIM sitt driftspersonell ved overlevering av maskinen. Seljar kan ikkje påberopa seg ekstrabetaling for deloppgåver, med mindre han har teke atterhald om dette i tilbods brevet.

Alle prisar skal vera i NOK ekskl. mva.

### 1. Soldeverk

Modellnamn	Vekt	Pristilbod (i NOK eks mva)

### 2. Leveringstid og garanti

Modellnamn	Leveringstid frå inngått kontrakt. (Oppgje kva dato maskinen er klar til drift)	Garanti: (i månadar)

### 3. Opsjonar

Opsjon 1	Årleg kostnad med serviceavtale (reise tur/retur Husnes Kvinnherad inkludert)	Tilrådd serviceintervall (i driftstimar)
6-åring serviceavtale (pris per år)		

<b>Opsjon 2</b>	<b>Oppmøtetid Husnes</b>	<b>Timepris for utført arbeid</b>	<b>Reisekostnad tur/retur Husnes</b>
<b>Tilkalling og reperasjon</b>			

<b>Opsjon 3</b>	<b>Pristilbud</b>
<b>Innbytte Multistar L3 Stjernesikt</b>	



**SIM**

## 1. Eigaerklæring om løn, helse, miljø og tryggleik (HMT)

### Denne stadfestinga gjeld:

Verksemda sitt namn		Organisasjonsnr/ Fødselsnr	
Adresse		Land	
Postnummer		Poststad	

Eg stadfestar med dette at denne verksemda arbeider systematisk for å oppfylle krava i helse-, miljø- og tryggleikslovgjevinga, og med det tilfredsstillar krava i forskrift om systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid i verksemda (internkontrollforskrifta).<sup>1</sup>

Eg stadfestar at verksemda er lovleg organisert i tråd med gjeldande skatte-, løns- og arbeidsmiljøregelverk når det gjeld dei tilsette sine faglege og sosiale rettar. Eg aksepterer at oppdragsgjevar på oppmoding vil få rett til å gjennomgå og verifisera verksemda sitt system for ivaretaking av helse, miljø og tryggleik.

Eg stadfestar at verksemda har alle nødvendige løyve og godkjenningar for å gjennomføra oppdraget. Det same gjeld for våre tilsette og underleverandørar som er/vert involvert.

---

Dato

Dagleg leiar

Eg stadfestar med dette at det er sett i verk systematiske tiltak for å oppfylle ovannemnde krav i løn, helse-, miljø- og tryggleikslovgjevinga.

Ingen tilsette

---

Dato

Representant for dei tilsette